

faren	sminkar seg	blomstrar
ektemannen	føreles	inn i framtida
kokken	kjøper	på trehjulssykkel
spåkona	vandrar	på badet
den vesle guten	bjeffar	bleie
professoren	turnar	kvar dag
Synnøve, 16 år,	travar	om mikrobiologi
hunden	snikrar	i ørkenen
mora	ser	ei hytte
bussjåføren	besøker	i ferien
ein trøytt gut	heklar	på vegen
turisten	koker	eit museum
pensjonisten	geispar	mot syklisten
tante Monika	skiftar	eit ullteppe
hesten	syklar	om morgonen
kamelen	køyrer	fårikål

Dei raude lappane er subjekt, dei blå lappane er verbal, dei gule lappane er adverbial, og dei grønne lappane er objekt. Skriv ut dette arket på litt stivt papir, og klipp frå kvarandre.

1. Lag setningar med eitt ord i kvar farge, slik at innhaldet blir rett.
2. Sett saman to setningar der du bruker konjunksjonane og, eller, men, for, så (lilla lappar)
3. Sett saman setningar med subjunksjonar, t.d. då, når, fordi, dersom, for at, slik som, viss, sjølv om, endå, medan, før (oransje lappar). Det er lov å legge til andre ord om ein treng det for å få fullstendige setningar.

og	eller	men	for
så	då	når	fordi
dersom	for at	slik som	viss
sjølv om	endå	medan	før

4. Sett inn adverbialet **ikkje** i setningane du laga med subjunksjonar. Då ser du at **ikkje** får ulik plassering i høve til verbet avhengig av om setninga er ei heilsetning eller ei leddsetning. Kva skjer?
5. Ta deg ein liten tur ut av klasserommet, og sjå deg om. Lag ei liste med verb og ei med substantiv ut ifrå det du observerer. Lag setningar med orda, og set til objekt og /eller adverbial. Marker subjekt med raudt, verbal med blått, objekt med grønt og adverbial med gult.
6. Bøy desse tulleverba du ikkje finn i ordboka. Kva verbbøyingssystem vil du bruke?

infinitiv	presens	preteritum	presens perfektum
Å bliske			
Å plike			
Å glyte			
Å slope			
Å fløse			
Å tinke			
Å klyre			
Å hokle			
Å slirke			
Å bø			

7. Er det nokon som har bøygd eitt eller fleire av desse verba som sterke verb? Truleg ikkje. Kvifor er det slik?
8. Kan du finne nokre verb og substantiv som er nokså nye i det norske språket? Tenk på om du bruker andre ord enn foreldra eller besteforeldra dine. (døme: å nave, oskefast, kvardagsintegring, framandkrigar, det grønne skiftet).